


Stranda kommune



Byggefelt Berget 2

- Veg, vatn- og avløpsanlegg

- Del II – Kontraktsgrunnlaget



Oppdragsgjevar: Stranda kommune

Oppdragsgjevar sin kontaktperson: Olger Teigen

Rådgjevar: Ha-Plan AS, Strandgata 44, 6270 Brattvåg.

Oppdragsleiar: Hallgeir Wuttudal

Fagansvarleg: Hallgeir Wuttudal (Veg, vatn- og avløp m.m.)

Andre nøkkelpersonar:

Innhald:

A. Generell del.....	4
A.1 Innleiing	4
A.2 Kort om omfanget av kontraktsarbeidet.....	4
A.3 Organisasjon og entreprisemodell.....	4
A.3.1 Entreprenørorganisasjon	4
A.3.2 Byggherren si organisering av prosjektet:	4
A.3.3 Entreprenøren sin organisasjon.....	5
A.3.4 Underentreprenørar for denne kontrakten.....	5
A.4 Dokumentliste	5
B. Kontraktsbestemmelser	6
B.1 Alminnelege kontraktsbestemmelser	6
B.2 Spesielle kontraktsbestemmelser	6
C. Tekniske krav.....	8
C.1 Tekniske rammebetingelser	8
C.1.1 Ytre miljø	8
C.1.2 Andre rammebetingelser	9
C.2 Teknisk beskrivelse for veg, vatn- og avløpsanlegg m.m.	9
C.3 Teikningar og modeller	9
C.3.1 Teikningar	9
C.3.2 Elektroniske filer til arbeidsgrunnlag.....	9
D. Krav til byggeprosessen	10
D.1 Administrative rutiner	10
D.1.1 Kommunikasjon i prosjektet.....	10
D.1.2 Møter.....	10
D.1.3 Rapportering	10
D.1.4 Distribusjon av teikningar og anna arbeidsgrunnlag	10
D.1.5 Kontroll av arbeidsgrunnlaget.....	10
D.1.6 Endringshandsaming.....	10
D.1.7 Fakturering.....	11
D.2 Kvalitetssikring	11
D.2.1 Kvalitetsplan	11
D.2.2 Kontroll og kontrollplanar	11
D.2.3 Planlegging	11
D.3 Sikkerheit, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)	12
D.3.1 Generelt.....	12
D.3.2 Koordinator for utføringsfasen	12

D.3.3	Hovudbedrift	12
D.4	Øvrige krav til byggeprosessen	12
D.4.1	Dokumentasjon	12
D.4.2	Offentleg omtale av prosjektet	13
E.	Frister og dagmulkter	14
E.1	Frister	14
E.1.1	Fysiske arbeider	14
E.1.2	Dokumentleveranser	14
E.2	Dagmulkter	14
E.3	Framdriftsplanlegging	14
F.	Vederlaget	15
F.1	Prissamanstilling	15
F.2	Rekningsarbeid	15
F.2.1	Mannskap	15
F.2.2	Maskinleige	15
F.2.3	Materialar og utstyr	16
F.3	Påslag for side- og underentrepriser	16
F.4	Opsjonar	16
F.5	Regulering	16
G.	Oppdragsgjevar sine ytingar	17
G.1	Riggområde	17
G.2	Forlegning og forpleining	17
G.3	Anleggsytelser	17
G.4	Materialar og produkter (jf. NS 8406 pkt. 18)	17
Vedlegg		17

A. Generell del

A.1 Innleiing

Oppdragsgjevar er Stranda kommune. Anleggsstaden ligg i Geiranger i Stranda kommune i Møre og Romsdal. Kontrakta omfattar vegar, vatn- og avløpsanlegg m.m.

A.2 Kort om omfanget av kontraktsarbeidet

Ha-Plan AS er rådgjevar og er ansvarleg for prosjektering, samt gjennomføring av tilbodskonkurransen.

Opparbeiding av vegar, vatn- og avløpsanlegg for 2. byggesteg for bustadfelt Berget i Geiranger er prosjektert av Ha-Plan AS.

Arbeida omfattar m.a.:

- Ca. 735 m grøfter for vatn- og avløpsleidningar.
- 11 stk. spillvasskummar.
- 9 stk. overvasskummar.
- 6 stk. vasskummar.
- 2 stk. brannhydrantar.
- 8 stk. sandfangkummar og slukar.
- Ca. 300 m nye vegar.
- 1 stk. leikeplass.
- 1 stk. tomt for nettstasjon.
- Kabelgrøfter og veglys.

Utføring av arbeida med vegar, vatn- og avløpsanlegg er plassert i tiltaksklasse 2.

A.3 Organisasjon og entreprisemodell

A.3.1 Entrepriseoppdeling

Ingen andre samtidige entreprisar.

A.3.2 Byggherren si organisering av prosjektet:

Rolle	Navn (firma, person)
Byggherre	Stranda kommune
Byggherren sin representant	Olger Teigen
Prosjektleiar (PL)	Olger Teigen
Prosjekteringsleiar (PGL)	Hallgeir Wuttudal
Byggeleiar (BL)	Olger Teigen
Koordinator(er) (KU)	Sjå Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø.
Hovudbedrift	Sjå Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø.
Veg, vatn- og avløp	Ha-Plan AS v/ Hallgeir Wuttudal

A.3.3 Entreprenøren sin organisasjon

Entreprenøren sin organisasjonsplan med nøkkelfunksjonar og kven som har desse, kjem fram av **vedlegg 6**. Utarbeidast av entreprenør.

Organisasjonsplanen skal vise sambandet mellom entreprenøren sin prosjektorganisasjon og dei øvrige ledda i verksemda hans.

A.3.4 Underentreprenørar for denne kontrakten

Entreprenøren skal utarbeide liste over underentreprenørar og tilhøyrande fagfelt. Vedlegg 6.

Firmanavn	Ansvarsområde

A.4 Dokumentliste

Sjå **vedlegg 1a**.

B. Kontraktsbestemmelser

B.1 Alminnelege kontraktsbestemmelser

Norsk Standard NS 8406: 2009 "Forenklet norsk bygge- og anleggskontrakt" skal gjelde med endringer som beskrevet i pkt. B.2.0

B.2 Spesielle kontraktsbestemmelser

Dei enkelte punkta er nummerert med referanse til tilsvarende bestemmelser i NS 8406. Nye punkt er nummerert fortløpende etter standarden sine punkt.

Punkt 7 – Varsler og krav

Nytt andre avsnitt:

Det blir presisert at første avsnitt ikkje gjeld for krav som blir framsett i sluttoppgjeret. Byggherren sin frist for eventuelle innsigelser mot slike krav, herunder at entreprenøren ikkje har varsla krava i tide, framgår av pkt. 25.2.

Punkt 8 – Sikkerheitsstilling

Andre avsnitt utgår og erstattes av:

Byggherren stiller ikkje sikkerheit.

Punkt 9 – Forsikring

Nytt sjette avsnitt:

Forsikringa skal gjelde inntil alle entreprisekontraktene i prosjektet er overtatt av byggherren.

Punkt 18.1 – Byggherren si medverknadsplikt

Nytt tredje avsnitt:

Teikningar vedlagt kontrakta skal ikkje nyttast som arbeidsteikningar.

Nytt fjerde avsnitt:

Entreprenøren skal sjølv skaffe til veie dei løyva som lover og offentlege forskrifter krev av han for utføring av kontraktarbeidet, for oppføring av temporære konstruksjonar, lagring og bruk av spesielle materialar etc., med mindre byggherren i kontrakta uttrykkeleg har påtatt seg dette ansvaret.

Nytt femte avsnitt:

Entreprenøren skal i tillegg til dei tolkningar som kjem fram i rapporter vedrørende geotekniske og ingeniørgeologiske forhold foreta eigne vurderingar i samband med planlegging og prising av arbeida. Feilbedømningar eller unnlatelse på ovenstående punkt gir ikkje entreprenøren rett til korkje ekstra betaling, forandring av prisar i kontrakta, forlenging av tidsfrister, eller andre innrømmelser.

Punkt 18.2 – Entreprenøren si plikt til å varsle om svikt ved byggherren sin medverknad

Nytt femte avsnitt:

Entreprenøren kan ikkje kreve tidlegare levering enn det som blir sett på som naudsynt og rimeleg, normalt ikkje tidlegare enn 14 dagar før utføringa av arbeidsoperasjonen. Mindre kompletteringar av underlaget må påreknast helt fram til utføringstidspunktet.

Punkt 19.1 – Retten til å pålegge entreprenøren endringar

Tredje avsnitt andre setning strykast og erstattast med:

Byggherren kan ikkje pålegge entreprenøren endringar ut over 25% netto tillegg til kontraktssummen.

Punkt 22.5 – Berekning av fristforlenging

Nytt tredje og fjerde avsnitt:

Entreprenøren skal i si framdriftsplanlegging forutsette ei auke av kontraktssummen på 10 % uten at han har krav på slik fristforlenging. Ved overskriding av denne grensa er det berre volumet ut over 10 % auke av kontraktssum som gir grunnlag for fristforlenging.

Punkt 28 - Avbestilling

Tredje avsnitt utgår og blir erstatta av:

Dersom reduksjonen av entreprenøren sitt samla vederlag etter frådrag og tillegg ved endringsarbeid er mindre enn 15 % av kontraktssummen, skal reduksjonen alltid handsamast etter bestemmelsane om endringar. Dersom reduksjonen blir meir enn 15 % av kontraktssummen skal berre den delen som overskrid 15 % reknast som avbestilling.

Tillegg til fjerde avsnitt:

Reduksjon i forhold til kontrakta si mengdeangivelse på poster som skal avreknast etter einingsprisar (regulerbare poster) skal ikkje sjåast på som avbestilling uansett storleiken på reduksjonen. Mengda på enkeltposter i mengdelista kan settast til null utan at dette skal sjåast på som ei avbestilling.

Punkt 30.2 – Eigeomsrett til materialar

Nytt tredje avsnitt:

Alle uttatte berg- eller lausmasser er byggherren sin eigeom.

C. Tekniske krav

C.1 Tekniske rammebetingelser

C.1.1 Ytre miljø

Sjå også Vedlegg 4b Miljøplan.

Entreprenøren skal utarbeide ein plan og tiltaksbeskrivelser for handtering av ytre miljøforhold.

Rydding/reinhald

Entreprenøren er ansvarleg for naudsynt rydding og reinhald for si verksemd på anleggsområdet. Generelt skal både riggområdet og anleggsområdet haldast så ryddig som mogeleg ut frå arta av arbeidet. Omfattar også eventuell reingjering av vegar, fortau og nabobygningar i byggeperioden.

Arbeidstid.

Arbeida skal foregå innanfor tidsrommet 07.00 til 19.00 på kvardagar.

Kulturminner.

Det er ikkje registrert kulturminner i området. Dersom ein under arbeid kjem over noko som kan vere automatisk freda kulturminne, plikter ein å stoppe arbeidet og ta kontakt/varsle anleggsleiar eller byggherren sin representant.

Omsyn til naturen i området.

Anleggsområdet ligg i eit verdsarvområde der det er krav om at natur og vegetasjon skal takast spesielt vare på og berørte område skal i størst mogeleg grad tilbakeførast med naturleg vegetasjon.

Tilhøve til naboar og turgåarar.

Det skal takast naudsynt omsyn til naboar og turgåarar i området spesielt når det gjeld støy, støv osv. Spesielle støyande aktivitetar skal utførast i normal arbeidstid.

Grunntilhøve.

Det er ikke utført grunnboringer. Dersom det blir avdekka tilhøve som avvik frå grunnlaget må byggherren kontaktast umiddelbart.

Adkomst.

Det er adkomst til anleggsområdet frå fylkesveg 63 Geirangervegen, ca. 1,6 km frå Geiranger sentrum.

Miljøtiltak:

Alt avfall skal kjeldesorterst.

C.1.2 Andre rammebetingelser

Plikt til å undersøke anleggsstaden.

Det er krav om at tilbydarne før dei leverer tilboda sine, har synfart anleggsområdet og gjort seg kjent med alle tilhøve som kan ha betydning for tilbudet.

Det vil ikkje bli gitt noko tillegg som skuldast feilvurderingar på grunn av mangelfull rekognosering.

Stikking og innmåling.

Hovudentreprenøren er ansvarleg for all utstikking og innmåling.

Koordinering med offentlege etatar.

All koordinering med offentlege etatar er entreprenøren sitt ansvar. Dette gjeld krav til påvisning, merking, skilting, trafikkavvikling og sikring.

Kabel og kabelanlegg.

Kabelanlegg skal utførast iht. spesifikasjonane i REN 9000-serien. Serien omfattar spesifikasjonar, planlegging, prosjektering og montasje av ulike typar kabelnett.

Straum, telefon etc.

Hovudentreprenør er ansvarleg for byggestraum, datalinjer og evt. telefonlinjer.

Rigging av straum må avtalast med lokalt E-verk, og alle kostnader i samband med byggestraum skal reknast inn i tilbudssummen. Entreprenøren riggar telefon etter behov. Minstekrav er at entreprenøren kan nåast via mobiltelefon på byggeplassen.

C.2 Teknisk beskrivelse for veg, vatn- og avløpsanlegg m.m.

Norsk Standard 3420 «Beskrivelsestekster for bygg, anlegg og installasjoner», utgåve 202401 gjeld for denne kontrakta.

C.3 Teikningar og modeller

C.3.1 Teikningar

Sjå **Vedlegg 3a Teikningshefte**.

C.3.2 Elektroniske filer til arbeidsgrunnlag.

Byggherren vil levere dette grunnlaget for opparbeiding av veg, vatn- og avløpsanlegg m.m.:

I tillegg til dwg-filer med oversiktsteikningar, lengde- og tverrprofil kan det leverast:

- Vegdata for maskinstyring (.xml). Elles kan koordinatar for senterlinjer vegar, tomtegrenser o.l. leverast for utstikking med GPS.
- Koordinatar for leidningstrasear, kumpunkt, utstikk m.m.

D. Krav til byggeprosessen

D.1 Administrative rutiner

D.1.1 Kommunikasjon i prosjektet

E-post og brev blir rekna som sidestilte juridisk bindande kommunikasjonsplattformer.

D.1.2 Møter

Jf. NS 8406 pkt. 6.

Byggemøter blir gjennomført på byggeplass, vanlegvis kvar 14. dag. Byggherren skriv referat. Eventuelt andre møter blir gjennomført etter behov.

D.1.3 Rapportering

I samband med kvart byggemøte skal entreprenøren rapportere følgjande:

- SHA og ytre miljø (HMS) – hendingar og tiltak
- Utførte aktivitetar siste 2 veker
- Planlagte aktiviteter neste 2 veker
- Bemanning
- Kontroll, tester, inspeksjoner
- Status endringer
- Uavklarte tilhøve

Rapportpunktta skal takast inn i byggemøtereferata.

D.1.4 Distribusjon av teikningar og anna arbeidsgrunnlag

Teikningar og anna arbeidsunderlag vil berre bli gjort tilgjengelige på elektronisk format. Entreprenøren må vederlagsfritt sjølv sørge for naudsynte utskrifter og kopiering av teikningane.

D.1.5 Kontroll av arbeidsgrunnlaget

En del teikningar og dokument skal kontrollerast av entreprenøren før dei kan ferdigstillast.

Entreprenøren skal kontrollere den prosjekterte løysinga si gjennomførbarhet og eventuelt fremme forslag til endringar i utføring.

Frist for tilbakemelding er 14 kalenderdagar dersom ikkje anna er avtalt for det spesifikke dokument.

Kostnader i samband med kontroll av arbeidsgrunnlag og utarbeiding av forslag til endring skal inngå i dei einingsprisane som er gitt i mengdebeskrivelsen.

D.1.6 Endringshandsaming

Anmodning om endring skal sendast utan ugrunna opphald etter at avvik er oppdaga.

Endringskrav og bestillingar etter rutiner oppgitt i NS 8406 pkt. 19.

D.1.7 Fakturering

Faktura skal sendast på EHF-format.
og underbilag til faktura på Excel ark , sendt på e-post.

Av avdragsfakturaer skal det framgå:

- * Opparbeidd beløp denne periode.
- * Totalt opparbeidd beløp.
- * Innestående beløp i henhald til kontrakt.
- * Merverdiavgift.
- * Sum til utbetaling.

Som vedlegg til faktura skal det leggst ved dokumentasjon på at gitt milepel for fakturering er nådd, eventuelt mengdespesifikasjon der følgjande framgår:

- * Post i mengdebeskrivelsen.
- * Kontraktmengde.
- * Einingspris.
- * Utført mengde/verdi pr. post denne perioden.
- * Totalt utført mengde/verdi pr. post.

D.2 Kvalitetssikring

D.2.1 Kvalitetsplan

Entreprenøren skal utarbeide ein kvalitetsplan for kontraktarbeidet. Denne skal baserast på entreprenøren sitt overorda kvalitetssystem.

Kvalitetsplanen skal dekke alle systematiske tiltak som er naudsynte for å sikre at kontrakta sine krav til rett kvalitet til rett tid med sikker utføring er tilfredsstilt. Planen skal mellom anna omfatte rutinar for planlegging, utføring, fagleg kontroll, dokumentasjon, avvikshandtering og avviksrapportering.

Kvalitetsplanen skal overleverast til byggherren iht. frist gitt i kapittel E – Frister og dagmulktar.

Kvalitetsplanen skal haldast oppdatert gjennom heile byggeperioden, og til ei kvar tid vere tilgjengeleg for byggherren. Generelt gjelder at prosedyrer skal være utarbeidd og innarbeidd hos entreprenøren før oppstart av det arbeidet prosedyra gjeld for.

Entreprenøren skal sørge for at alle underentreprenørane følgjer kontrakta sin kvalitetsplan.

D.2.2 Kontroll og kontrollplanar

Entreprenøren skal føre kontroll med sine arbeid for å sikre rett kvalitet på kontraktarbeida, samt utarbeide kontrollplanar og sørge for naudsynt oppfølging og dokumentasjon.

Basert på kontrollplanar vil byggherren identifisere dei arbeida han ynskjer å kontrollere. Entreprenøren plikter å varsle byggherren seinast 48 timar før utføring/kontroll av slike arbeid.

D.2.3 Planlegging

Entreprenøren skal vere ansvarleg for planlegginga av alle sine arbeid frå kontraktstildelinga til ferdigstilling. Det skal til ei kvar tid foreligge oppdaterte planar. Alle endringar av planar skal

godkjennast av byggherren.

D.3 Sikkerheit, Helse og Arbeidsmiljø (SHA)

D.3.1 Generelt

Byggherren har utarbeidd ein plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA-plan) som stiller krav til entreprenøren, **Vedlegg 4a**.

D.3.2 Koordinator for utføringsfasen

Rolla som koordinator for utføringsfasen (KU) iht. Byggherreforskrifta går fram av SHA-plan.

D.3.3 Hovudbedrift

Entreprenøren ivaretek rolla som hovudbedrift iht. Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven).

D.4 Øvrige krav til byggeprosessen

D.4.1 Dokumentasjon

D.4.1.1 Generelt

All dokumentasjon skal strukturerast etter same struktur (kontoplan) som i mengdebeskrivelsen.
All dokumentasjon skal leverast på norsk.
Kostnadene i forbindelse med dokumentasjonen skal vere inkludert i riggpostane.

D.4.1.2 Dokumentasjon av byggeprosessen

Dokumentasjonen som blir utarbeidd i løpet av byggeprosessen skal vere tilgjengeleg for byggherren til ei kvar tid.

Under arbeidet sin gang plikter entreprenøren å oversende grunnlag for prosjektering i form av profiler og måldata som blir sett på som naudsynt for ei forsvarleg prosjektering. Bilete, måldata, skisser og testresultat som blir utarbeidd for å dokumentere utført arbeid skal fortløpande gjerast tilgjengeleg for byggherren og kontraktsmedhjelparane hans.

D.4.1.3 Underlag for som bygd dokumentasjon

Entreprenøren skal levere grunnlag for som bygddokumentasjon der byggherren har utført prosjekteringa. Dokumentasjonen skal samlast og systematiserast før overlevering. For kvart objekt (f.eks. anleggsdel, bygning, konstruksjon) skal det vedleggast "raudmerka" teikningar og ev. ein rapport som beskriv endra utføring ift. utførelsesgrunnlaget, med henvisning til vedlagte dokumenter (skisser, profiler etc.).

Dokumentasjonen skal oversendast utan ubegrunna opphald etter at det aktuelle objektet er ferdigstilt og seinast innan frist angitt i punkt E – frister og dagmulkter.

D.4.1.4 Sluttdokumentasjon/FDVU-dokumentasjon

Entreprenøren skal samanstille sluttdokumentasjonen og overlevere den til byggherren. Dokumentasjonen skal leverast på SOSI- eller DWG format etter same koordinatsystem og høgderreferanse som arbeidsgrunnlaget.

Entreprenøren skal også levere FDVU-dokumentasjon (datablader) for alle relevante leveransar og produkt med angivelse av leverandør og tekniske data. FDVU-dokumentasjonen skal også innehalde utført kvalitetssikring/kontroll/bilete frå utføringa. Dokumentasjon kan leverast på

minnepinne.

D.4.2 Offentleg omtale av prosjektet

All informasjon og offentlig omtale av prosjektet skal kanaliserast gjennom byggherren.

E. Frister og dagmulkt

E.1 Frister

E.1.1 Fysiske arbeider

For leveranser av fysiske arbeider gjelder følgende frister:

Frist (nr.)	Beskrivelse	Dato	Dagmulkt
1.	Antatt oppstart	Oktober 2026	
2.	Veg 1 opparbeidd med anleggsvegstandard	1. mars 2027	Iht. NS 8406
3.	Tursti og VAO-anlegg mellom kumgruppe 12 og kumgruppe 9 ferdigstilt	1. mai 2027	Iht. NS 8406
4.	Overtaking	1. Juni 2027	Iht. NS 8406

E.1.2 Dokumentleveranser

For dokumentleveranser gjelder følgende frister:

Frist (nr.)	Beskrivelse	Dato	Dagmulkt
1.	Kvalitetsplan	Ved anleggsstart	
2.	Detaljert fremdriftsplan	Ved anleggsstart	
3.	Bemanningsplan	Ved anleggsstart	
4.	Som bygd dokumentasjon	14 dager etter overtaking	Iht. NS 8406
5.	FDVU-dokumentasjon, sluttdokumentasjon	14 dager etter overtaking	Iht. NS 8406

E.2 Dagmulkter

Iht. NS 8406.

E.3 Framdriftsplanlegging

Entreprenøren skal utarbeide framdriftsplan som viser hovudaktivitetar og avhengigheiter.

F. Vederlaget

F.1 Prissamanstilling

For kontraktsum blir det vist til avtaledokumentet.

Prisane i mengdebeskrivelsen er oppgitt i norske kroner (NOK) eks. mva.

Arbeid som er beskrevet i egne poster, men som ikke er prisa, skal forutsettast prisa til kr. 0.

Endring av konkurransegrunnlaget sine mengder etter mengdekontrollen skal handterast i henhold til kontrakta sine regler om endringer.

For poster som er angitt som regulerbare skal oppgjøret baserast på verkeleg utførte mengder som målast opp etter angitte mengdeberekningsreglar. Desse postane er merka «Regulerbare» i posten.

F.2 Rekningsarbeid

F.2.1 Mannskap

Arbeid betalast i henhold til timesatsar eks. mva. oppgitt i mengdebeskrivelsen. Timesatsane skal dekke alle entreprenøren sine kostnader, både direkte og indirekte, samt risiko og fortjeneste. Dette inkluderer bl.a.:

- * Lønn.
- * Stadleg administrasjon og arbeidsleiing.
- * Fellesmannskap (lagerfolk, reparatører, etc.) og andel i drift, vedlikehold og leige av infrastruktur for utføring av arbeid samt interne transport av mannskap og materiell.
- * Eventuelt ordinært skifttillegg samt mindre tarifferte tillegg (køyretillegg, klestillegg mv).
- * Reise- og gangtid.
- * Diett- og boutgifter.
- * Sosiale utgifter, bevegelege heilagdager og feriepengar.
- * Andel leige og drift av brakker, kontor, lager, etc.
- * Handverktøy, mindre redskap.
- * Leige for maskinar med månadsleige under kr 10 000,- samt maskinutstyr som bor, meisler, pigger, slanger, rør, etc.
- * Materiell som rør, slanger, elektriske kabler, lamper etc.
- * Forsikringar.
- * Hovedadministrasjon og fortjeneste.

Godtgjering for overtid skal dekkast separat i henhold til timesatsar oppgitt i mengdebeskrivelsen. Bruk av overtid må godkjennast av byggherren på førehand

F.2.2 Maskinleige

Leige for maskinar som har ei månadsleige av kr 10 000,- eks. mva. eller meir, blir godtgjort i henhold til timelister. I maskinleigesatsane inngår alle entreprenøren sine kostnader, så som direkte og indirekte utgifter samt vedlikehold, risiko og fortjeneste.

Ratane er eksklusive operatør, men inklusive kostnader for mobilisering og demobilisering. Det blir betalt berre for effektive timer (eksklusive stillstandsleige, maskinstell og reparasjonar). Det blir betalt berre for dei maskinane og mannskap som direkte deltek i arbeidet.

Vektangivelse for maskiner gjeld utan last.

For ikkje spesifiserte maskinar skal entreprenøren si standard prisliste nyttast.

Det blir betalt berre for dei maskinane og mannskapa som direkte deltek i arbeidet.

Vektangivelse for maskinar gjeld utan last.

For ikkje spesifiserte maskinar skal entreprenøren si standard prislister nyttast.

F.2.3 Materialar og utstyr

For materialar og utstyr som blir bestilt separat av byggherren skal det nyttast oppgitte einingsprisar der desse fins, elles blir dette dekt:

- * Medgåtte materialar inkl. transport i henhold til entreprenøren sin innkjøpspris dokumentert ved leverandørfaktura.
- * Entreprenøren sitt påslag i henhold til prosentsats oppgitt i mengdebeskrivelsen.

F.3 Påslag for side- og underentrepriser

Påslag for tiltransport eller byggeplassadministrasjon og framdriftskontroll (NS 8406, punkt 16) er angitt i mengdebeskrivelsen.

F.4 Opsjonar

Tilbudsgrunnlaget inneheld ingen opsjoner.

F.5 Regulering

Prisane er faste i kontraktperioden og skal ikkje regulerast. Forsinka oppstart med inntil 1 månad etter oppstartsdato angitt i kapittel E gir heller ikkje grunnlag for prisregulering.

G. Oppdragsgjevar sine ytingar

G.1 Riggområde

Regulerte tomter innafor anleggsområdet kan nyttast til riggområde.
Elles står det entreprenøren fritt å inngå avtalar om riggplass på private område.

Tiltakshavar påviser tilkoplingsmoglegheiter m.m. og informerer om eigedomsgrenser, restriksjonar på bruken m.m.
Entreprenøren skal utarbeide Riggplan (teikning) i samråd med byggeleiar.

G.2 Forlegning og forpleining

Entreprenøren må sjølv sørge for naudsynt forlegning og forpleining.

G.3 Anleggsytelser

Stranda kommune tilbyr møterom for byggemøter på brannstasjonen.

G.4 Materialar og produkter (jf. NS 8406 pkt. 18)

Byggherre har ingen tilbud til entreprenør

Vedlegg

Sjå dokumentliste, Vedlegg 1a.